



VURDERINGSTEAM:

- Tore Bastlien Dahl, rådgjevar oppvekst, Suldal
- Britt Elin Håranes, einigsleiar Jelsa oppvekstsenter, Suldal
- Wenche H. Hjelmtveit, PP-kontakt


Ekstern vurdering

Tilbakemelding frå vurderingsteamet haust 2025

- Ekstern
barnehagevurdering
hausten 2025

Vågen
oppvekstsenter
avdeling barnehage
Vindafjord kommune





**Trygge barn
- sterke saman**



Utviklingsområde:

Autoritative vaksne

*Alle barn opplever
autoritative vaksne som
skaper føreseielege og trygge
rammer som hjelper barna til
å meistre kvardagen*



Grunnlag for vurderinga

- I arbeidet med barnehagen sitt utviklingsområde er det laga eit framtidsbilde som skal visa korleis det er i barnehagen når alt er optimalt. Vi har sett på dette i forhold til born, føresette, tilsette og leiinga
- Til framtidsbiletet har ein utarbeidd kriterier og teikn på god praksis
- Denne presentasjonen kan sjåast som ein rapport og gir svar på kor barnehagen står når det gjeld:
 - Framtidsbiletet knytt til vald utviklingsområde
 - Dei kriteria/kjenneteikna som er sett opp
 - Føringar i barnehagelova og 'Rammeplan for barnehagen'
- Presentasjonen gir råd om kva ein bør gjere vidare for å nå framtidsbiletet

ET GODT LÆRINGS MILJØ



Være Sammen

KRITERIER

1. Barna er inkludert, trivst og medverkar positivt i barnehagen sitt fellesskap
2. Tilsette er aktivt tilstade, er varme og grensesettande, og legg til rette for inkludering
3. Barnehagen samarbeider med heimen om å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik
4. Alle tilsette jobbar kollektivt mot ei felles forståing og praksis av vaksenrolla for eit inkluderande og trygt miljø

Metodar

Deltakande observasjon


Samtalar med føresette

Intervju med tilsette frå ulike avdelingar

Daglege samtalar med leiing

Barnesamtalar

– både strukturerte og uformelle





Grunnlag for rapport

- Deltakande observasjon inne og ute på alle avdelingane
- Samtalar med barn i planlagt aktivitet
- Uformelle samtalar i leik med barn frå ulike avdelingar
- Samtale med 5 fagarbeidarar/ assistentar
- Samtale med 3 barnehagelærarar
- Samtale med 3 føresette i SU
- Besøk og samtale på avdeling Bjoa
- Samtalar med avdelingsleiar, einingsleiar

Vågen oppvekstsenter sine sterke sider



- Mange trygge og tillitsfulle barn
- Organiseringa av barnehagedagen legg til rette for å bygga gode relasjonar
- Bevisst bruk av gruppedeling
- Dei tilsette er tilgjengelige, støttande og delaktige for barna
- Engasjerte føresette som ønsker å medverke
- Me ser aktiv bruk av "være sammen"
- Barn deltek aktivt i praktiske gjeremål

Kriterium 1

Barna er inkludert, trivst og medverkar positivt i barnehagen sitt fellesskap.

Me har sett/opplevd:

Barn som søker vaksne for støtte, trøyst og delt glede

Barn som opplever vaksne som er aktive lyttarar og har ein god dialog med barna

Barn deltek aktivt i praktiske gjeremål

Barna veit kva som er forventa og har forutsigbare grenser

Døme på barn som viser omsorg og inkluderer andre barn i lek og aktivitetar.

Barn erfarer at tilsette er tilgjengelege i lek, støttar etter behov, grip inn og beskyttar



Kriterium 2:

Tilsette er aktivt tilstades, er varme og grensesettande, og legg til rette for inkludering

Me har sett/opplevd:

Vaksne møter barn med omsorg, anerkjenning og ro.

Vaksne bygger gode relasjonar og barna søker dei vaksne.

Døme på vaksne som set tydlege, forutsigbare og respektfulle grenser

Mange vaksne som lyttar, forklarar og snakkar med barnet på ein respektfull måte

Døme på vaksne som er tilgjengelige i lek og støttar inkluderande fellesskap

Tilsette i barnehagen observerer og vurderer barna sin trivsel, lek og deltaking i fellesskapet.

Barn som blir støtta og rettleia av tilsette

HUGS Å LESE

saman

MED UNGANE.





Kriterium 3

Barnehagen samarbeidar med heimen om å ivareta barna sitt behov for omsorg og leik

- **Me har sett/opplevd:**
- Foreldre opplever at barna er trygge og glade for å gå i barnehagen
- Vurderingsteamet har inntrykk av at barn sin trivsel, leik, læring og utvikling er tema i samtalar mellom barnehage og føresette
- Føresette har erfart at dei er ein ressurs i utvikling av det fysiske miljøet i barnehagen – som til dømes dognad
- Føresette vert teke på alvor og møtt med openheit og interesse i leveringssituasjonar

Kriterium 4:

Alle tilsette jobbar kollektivt mot ei felles forståing og praksis av vaksenrolla for eit inkluderande og trygt miljø

- Me har sett/opplevd/høyrte at:
- Mange tilsette kjenner til og har ein praksis i tråd med barnehagen sitt framtidsbilete
- Det er eit ønske om at leike- og læringsmiljøet i barnehagen byggjer på kvalitet i relasjonar, organisering og tilrettelegging av leik og aktivitetar
- Rammeplanen er eit styringsverktøy for planlegging og gjennomføring av den pedagogiske praksisen



RÅD TIL VIDARE ARBEID



Grunngjeving: Vurderingsteamet opplever at det er tre separate einingar og ikkje eit oppvekstsenter på fleire område. Me ser eit moglegheitsrom for meir heilskapsleg og systematisk arbeid.

Jobba mot ein felles kultur både i barnehagen og på Vågen oppvekstsenter som heilheit

Jobba mot eit felles "me"

- Informasjonsflyt
- Personalmøte
- Arbeida fram ein felles visjon

Nytte moglegheitene som ligg i å vera eit oppvekstsenter

- Overgangar
- Samarbeid
- Inkludering
- Prosjekt, besøk, treffpunkt

RÅD TIL VIDARE ARBEID

Vidareutvikle den kollektiv praksisen

- Alle tilsette har eit ansvar for å bidra til felles praksis.
- Tydeliggjere og vere endå meir konkrete på kva som er forventa praksis for alle i høve til utviklingsarbeidet.
- Vidareutvikle system/rutinar for observasjon og kollegarettleing
- I større grad nytta kvarandre sin kompetanse på tvers av avdelingar

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplevde gjennom observasjon og samtale at det er ulikt eigarskap, forståing av og forventningar til felles mål og utøving av kollektiv praksis. Jobba med å utvikla tilbakemeldingskulturen.



RÅD TIL VIDARE ARBEID

Vidareutvikle samarbeidet med føresette

- Sikre at alle føresette kjenner seg sett og tatt på alvor i t.d. hentesituasjonar
- Nytte dei føresette som ressurs i planlegging og evaluering av det pedagogiske innhaldet.

Grunngjeving: Vurderingsteamet opplever at føresette i endå større grad ønsker å bidra som ein ressurs i barnehagen sitt arbeid knytt til eit trygt, godt og inkluderande miljø.




Andre tips og refleksjonar

- "Ny i barnehagen" hefte for vikarar
- Nytta rommet som den 3 pedagog – fysisk miljø i barnehagen
- Bruk av ASK
- Synleggjera pedagogiske satsingar endå meir



Proessen vidare



- Styrar, barnehage- og skulesjef og PP-kontakt har eit møte innan midten av januar 2026 for å gjennomgå råda frå vurderingsteamet. Styrar har ansvaret for å kalle inn til møtet.
- I møtet blir det sett opp ein plan for korleis barnehagen skal jobbe barnehagebasert for å følgje opp råda, samt gjennomføre og evaluere tiltak som blir sett i verk.
- Ein blir òg einige om korleis barnehageeigar og PP-rådgjevar skal støtte barnehagen i dette arbeidet